

- 3 FEB 2014



## Hardangerrådet iks



Til Hordaland Fylkeskommune  
Ved Hans Inge Gloppe  
Næringsseksjonen  
Bergen

### Søknad om Skjønsmidlar til Hardanger i samband med Regionale Næringsfond 2014.

Styret i Regionalt Næringsfond Hardanger gjorde 07.11.2013 slikt vedtak:

**RNH – sak 10/13 Innspel til Skjønsmidlar 2014.**

**Regionalt Næringsfond Hardanger søker Hordaland Fylkeskommune om skjønsmidlar til arbeidet i ”Hardanger Næringsråd”. Dagleg leiari utformar søknaden.**

#### Med bakgrunn i møte i søker RNH om 500.000 kr i skjønsmidlar for 2014 til ”Oppbygging og Utvikling av Hardanger Næringsråd”

Midlane skal nyttast av Hardanger Næringsråd til arbeidet med å utvikla ei overbygging av dei lokale næringslag/foreiningar/samskipnader i dei 7 Hardangerkommunane.

**Arbeidet har som målsetjing gjennom næringsorganisasjonane å utvikla eit fruktbart samarbeid i næringslivet i Hardanger der verksemduene samhandlar og samordnar sine næringsinteresser. Gjennom interessefellesskap for næringslivet i Hardanger skal Hardanger Næringsråd jobba for gode rammevilkår for næringsutvikling gjennom påverknadsarbeid og eigne prosjekt.**

#### Bakgrunn og oppgåver:

Hardanger Næringsråd vart stifta 08.juni 2008 som ei overbygging av dei lokale næringslag/foreiningar/samskipnader i kvar av dei 7 Hardangerkommunane. Styret er samansett av ein medlem frå kvart næringslag og styreleiar vert valde mellom desse. (Sjå vedlagde vedtekter).

#### HNR sine oppgåver og tiltak er tenkt å vera mangfaldige og tidsaktuelle til dømes:

- Samordna uttalar og påverknad mot media, kommunar og fylke.
- Arrangera konferansar (Energikonferanse mars 2013)
- Initiera faglege kurs. (t.d. HMS – NAV – Arbeidstilsyn)
- Etablira ein Strategisk næringsplan for Hardanger, arbeidet er i startfasen.
- Medverka til etablering av SIVA-næringshage i Hardanger, eit samarbeidprosjekt.
- Utvikla domenet www.hardanger.com saman med Hardangerrådet iks
- Etablira kontakt mellom bedrifter i regionen gjennom nettverk.
- Samferdsel – samordna innsats frå Hardanger utfrå næringslivet sine interesser.
- Vera kontaktpunkt mellom politisk miljø og næringslivet.

- Arbeida for eit interkommunalt Informasjonssenter på Bu ved Hardangerbrua
- Temadag 2014: Turistinformasjon i Hardanger
- Kontaktarbeid og utvikling mellom samarbeidande bedrifter.
- Delta i ymse samarbeidsforum i Hardanger og i Hordaland
- Delta i Næringsalliansen i Bergen
- Vera støttefunksjon for lokale næringslag sitt arbeid.

**Økonomi:**

Hardanger Næringsråd er eit samordningsorgan for dei kommunale næringslaga og er slik indirekte talerøy for verksemndene i heile Hardanger. HNR hentar litt medlempengar frå næringslaga men har ikkje direkte medlemsavgift frå verksemndene. Dette medfører at drifta er på lavkostnadsnivå med mykje eigeninnsats frå styremedlemmene. HNR kjøper tenester til dagleg leiing hos SMB Odda, for sekretær og rekneskap. Næringslaga i Hardanger har hovudsakleg dei minste og dei mellomstore verksemndene som medlemmer. Dette vil også avgrensa medlemsavgifter og slik økonomien til organisasjonane som igjen påverkar kontingensten til HNR. Etter nokre innarbeidingsår så tenkjer NH seg slike framtidige finansieringskjelder: Medlemspengar, Kurs og konferansar og Prosjektnintekter.

**Grunngjevinga for søknaden:**

For at Hardanger Næringsråd skal kunna verta ein faktor å rekna med, må organisasjonen arbeida seg inn som ein seriøs og sterk aktør overfor alle sine framtidige samhandlingspartar og overordna styremakter. Dette vi ta tid og ein treng midlar til å byggja seg opp. Ved å visa resultatet av arbeidet vil både verksemndene og lokalsamfunna ta HNR i bruk som eit viktig talerøy for regionen. Til samanlikning så starta også Bergen Næringsråd i det små og har utvikla seg å verta ein stor og viktig organisasjon for sin region.

Styret i Regionalt Næringsfond Hardanger vil prioritera skjønsmidlar til Hardanger Næringsråd i 2014 fordi:

- Svak økonomi i medlemslaga gjer at ein i denne fasen ikkje kan basera seg på finansiering frå desse gjennom medlemspengar. Kurs og konferansar kan vanskeleg gje så store overskot at ein kan driva organisasjonen på grunnlag av dette åleine. Prosjektporefølgje vil kunna gje overheadinntekter for organisasjonen.
- Det er vanskeleg å driva ein slik organisasjon basert på dugnad. Vi treng profesjonell dagleg leiing og rekneskapsføring og basera det på ei sparsam godgjerdslle til styret som ofte tek seg fri frå eigen jobb.
- Økonomiske rammer set i dag alt for sterke grenser for kva HNR kan engasjera seg i.
- HNR er ein ny organisasjon som treng tid til å utvikla eigeninntening.

**Me vonar på støtte til dette og står til disposisjon for utfyllande opplysningar.**

Kinsarvik 30.01.2013

Leiv Vambheim  
Dagleg leiar